



## DELÅRSRAPPORT 2. kvartal 2019

Voss, 13. august 2019  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2019

## GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 2. kvartal på 28,6 mill. kr. Dette er ein auke på 5,7 mill. kr i høve til same periode i 2018. Resultat av ordinær drift før skatt er 28,0 mill. kr mot 23,1 mill. kr i 2018. Resultat etter skatt er 21,4 mill. kr mot 17,4 mill. kr i 2018.

Totalresultat pr. utgangen av 2. kvartal 2019 er 20,7 mill. kr mot 18,0 mill. kr for same periode i fjor.

Banken held fram med ei positiv utvikling resultatmessig. Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 9,8 % pr. utgangen av 2. kvartal i år mot 8,8 % for tilsvarande periode i fjor. Dette kjem i hovudsak av positiv utvikling i andre inntekter, reduserte kostnader og låge tap.

For 2. kvartal isolert (2018 tala i parentes) er resultat før tap 16,7 mill. kr (13,2), resultat før skatt 15,5 mill. kr (13,0), resultat etter skatt 11,9 mill. kr. (10,2) og totalresultat 11,4 mill. kr (10,7).

## RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 2. kvartal er bokført til 43,9 mill. kr. Dette er ein auke på 1,2 mill. kr frå same periode i 2018. Renteendringa som vart gjort 4. april og med full effekt frå 21. mai, har bidrege til ein betra rentenetto i 2. kvartal. Banken har i børsmelding 3. juli varsla ei ny renteheving, og denne vil auka rentenetto til banken med full effekt frå 16. august 2019.

Isolert for 2. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 22,9 mill. kr mot 21,0 mill. kr i 2018.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 2. kvartal 1,73 % (1,82 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 2. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 6,3 mill. kr. Dette er ein auke på 1,7 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er auka med 1,0 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er auka med 0,6 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 3,0 mill. kr mot 4,1 mill. kr i 2018. I 2018 var det ein eingongseffekt knytt til oppskrivning av verdi på aksjar i Vipps med kr 0,6 mill.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på og har bygd opp rådgjevnadskompetanse innan. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 2. kvartal bokført til 21,7 mill. kr mot 24,5 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader er redusert med 0,7 mill. kr, medan andre driftskostnader er

reduisert med 0,6 mill. kr. Avskrivningane er også redusert med 1,6 mill. kr. og dette skuldast i hovudsak vinst ved sal av anleggsmiddel.

Isolert for 2. kvartal er driftskostnadane 9,1 mill. kr mot 11,8 mill. kr i 2018.

### TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 2. kvartal har banken kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 0,6 mill. kr mot tilbakeført tap på 0,3 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

For 2. kvartal isolert er det tapsført 1,2 mill. kr mot 0,2 mill. kr for tilsvarande periode i 2018.

### RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 2. kvartal er 5.317 mill. kr. Dette er ein auke på 384 mill. kr (+7,8 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 5.705 mill. kr.

### INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 2. kvartal på 3.402 mill. kr. Dette er ein auke på 393 mill. kr (+13,0 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 2. kvartal er 70,9 % mot 68,0 % på same tidspunkt i fjor.

Innskotsveksten isolert for 2. kvartal er 90 mill. kr (2,7 %).

### UTLÅN

Banken har ved utgangen av 2. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 377 mill. kr (+8,5 %). Utlånsveksten til næringskundar er 19 mill. kr (2,0 %), medan utlånsveksten til personkundar er 357 mill. kr (+10,4 %). Utlånsveksten isolert for 2. kvartal er 118 mill. kr (2,5 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.801 mill. kr mot 4.424 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2018. Av samla utlån er 1.009 mill. kr (21,0 %) utlån til næringsverksemd og 3.792 mill. kr (79,0 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla utestående ved utgangen av 2. kvartal på 388 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 9,3 % mot 10,7 % i 2018. Dette utgjør 7,5 % (8,5 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

### LIKVIDITET

Den gode veksten i utlån dei siste 12 månadane har i stor grad vore finansiert gjennom auke i innskot. Banken har pr. 2. kvartal utestående obligasjonsgjeld på 1.316 mill. kr mot 1.351 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2018. Sjå note 6 for nærare detaljar. Ved utgangen av 2. kvartal er banken sin LCR 306 % og NSFR 125 %.

### EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 17,65 % ved utgangen av 2. kvartal mot 18,23 % på tilsvarande tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 503,6 mill. kr, noko som gjev ei overdekning på 275,4 mill. kr i høve minstekravet.

Kjernekapitalen til banken er 463,6 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 413,1 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 16,25 % (16,73 % i 2. kv. 2018) og ei rein kjernekapitaldekning på 14,48 % (14,70 % i 2. kv. 2018) av berekningsgrunnlaget. Banken har ved utgangen av 2. kvartal ei overdekning i høve minstekravet til rein kjernekapitaldekning på 284,7 mill. kr.

Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,5 % ved utgangen av 2. kvartal 2019 mot 8,8 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken også konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 17,29 % ved utgangen av 2. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 15,84 % og 14,06 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,0 %.

### REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

### UTSIKTENE FOR 2019

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Banken har klart å styrke kjernedrifta gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, god vekst i andre inntekter, låge tap og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag. Samla sett vil dette også bidra positivt til å styrka banken sitt resultat framover.

### FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 2. kvartal 2019 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærstående vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 13. august 2019

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

## Resultat


	Note	2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat – Tall i tusen kroner</i>		2019	2018	30.6.19	30.6.18	31.12.18
Renteinntekter med effektiv rentes metode		39.723	33.134	77.150	65.995	137.017
Renteinntekter fra øvrige instrument		765	669	1.480	1.257	2.629
Rentekostnader og liknande kostnader		17.631	12.830	34.706	24.517	51.443
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>22.857</b>	<b>20.972</b>	<b>43.924</b>	<b>42.735</b>	<b>88.204</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.324	3.076	6.344	5.638	12.900
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		714	894	1.554	1.820	3.421
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		1.389	927	1.550	981	2.971
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		-1.068	925	-107	-227	2.061
Andre driftsinntekter		23	29	70	57	154
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>2.954</b>	<b>4.063</b>	<b>6.303</b>	<b>4.629</b>	<b>14.665</b>
Lønn og andre personalkostnader		3.889	4.744	9.785	10.464	22.559
Andre driftskostnader		5.932	6.320	11.875	12.499	24.002
Av-/nedskrivningar og gevinst tap på ikke-finansielle egnelutar		-698	764	-6	1.559	3.021
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>9.124</b>	<b>11.828</b>	<b>21.654</b>	<b>24.522</b>	<b>49.582</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>16.688</b>	<b>13.207</b>	<b>28.573</b>	<b>22.842</b>	<b>53.286</b>
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir		1.215	162	594	-263	1.167
<b>Resultat før skatt</b>		<b>15.473</b>	<b>13.045</b>	<b>27.980</b>	<b>23.105</b>	<b>52.119</b>
Skattekostnad		3.500	2.810	6.616	5.660	12.559
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>11.973</b>	<b>10.235</b>	<b>21.363</b>	<b>17.445</b>	<b>39.560</b>
<i>Utvida resultat – Tall i tusen kroner</i>		<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Poster som ikkje vert reklassifisert over resultatet		-532	500	-713	535	5.271
Poster kan reklassifiserast over resultatet		-	-	-	-	-
<b>Sum utvida resultat</b>		<b>-532</b>	<b>500</b>	<b>-713</b>	<b>535</b>	<b>5.271</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>11.441</b>	<b>10.735</b>	<b>20.650</b>	<b>17.980</b>	<b>44.831</b>
<b>Basis og utvatna resultat pr aksje</b>		<b>6,30</b>	<b>5,39</b>	<b>11,24</b>	<b>9,18</b>	<b>20,82</b>

## Balanse

(Tal i tusen kroner)	Note	30.6.19	30.6.18	31.12.18
<b>Eignelutar</b>				
Kontantar og kontantekvivalentar		15.023	13.793	12.080
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		234.918	248.275	250.097
Netto utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi over utvida res		4.779.802	4.405.110	4.549.933
Renteberende verdipapir		200.750	181.168	249.653
Finansielle derivat		860	1.806	2.883
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument		60.797	49.893	58.342
Varige driftsmiddel		20.401	27.558	26.199
Andre eignelutar		4.606	5.263	4.002
Overtekne eignelutar		-	-	-
<b>Sum eignelutar</b>		<b>5.317.156</b>	<b>4.932.866</b>	<b>5.153.189</b>
<i>Tal i tusen kroner</i>		30.6.19	30.6.18	31.12.18
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Innlån frå kredittinstitusjonar		59	50	1
Innskot frå kundar		3.401.961	3.008.638	3.253.008
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir		1.315.847	1.350.705	1.301.936
Anna gjeld		15.793	18.315	16.280
Pensjonsforpliktingar		721	1.962	1.371
Forpliktingar ved skatt		13.534	15.481	17.252
Avsetningar på garantiar og unyttta rammekredittar		390	607	386
Ansvarleg lånekapital		40.153	40.131	40.130
Fondsobligasjonskapital		36.410	77.695	36.939
<b>Sum gjeld</b>		<b>4.824.869</b>	<b>4.513.586</b>	<b>4.667.303</b>
Innskoten eigenkapital		49.539	9.447	49.539
Annan eigenkapital		396.586	371.612	410.836
Fond for urealiserte vinstar		24.799	20.777	25.512
Udisponert resultat		21.363	17.445	-
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>492.287</b>	<b>419.280</b>	<b>485.887</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>5.317.156</b>	<b>4.932.866</b>	<b>5.153.189</b>

Voss, 13. august 2019

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

	<u>Innsk. egenkapital</u>			<u>Opptent egenkapital</u>		
	<u>Innsk. egenkapital</u>			<u>Opptent egenkapital</u>		
				Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent egenkapital	Sum egenkapital
<i>Tal i tusen kroner</i>	Aksjar	Eigne aksjar	Hybrid- kapital			
<b>Eigenkapital 31.12.2018</b>	9.500	-76	40.115	25.512	410.836	485.887
Resultat etter skatt					21.363	21.363
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi				-713		-713
<b>Totalresultat 30.06.2019</b>	9.500	-76	40.115	24.799	432.199	506.537
Utbetalt utbytte					-14.250	-14.250
<b>Eigenkapital 30.06.2019</b>	9.500	-76	40.115	24.799	417.949	492.287
<b>Eigenkapital 31.12.2017</b>	9.500	-52	-	20.242	368.995	398.685
Overgang til IFRS 9					10.606	10.606
<b>Omarbeida eigenkapital 01.01.2018</b>	9.500	-52	-	20.242	379.601	409.291
Korrigert overgang til IFRS 9				-1.149	-192	-1.341
<b>Omarbeida eigenkapital 01.01.2018 korr.</b>	9.500	-52	-	19.093	379.409	407.950
Resultat etter skatt					17.445	17.445
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi				535		535
<b>Totalresultat 30.06.2018</b>	-	-	-	535	17.445	17.980
Utbetalt utbytte					-6.650	-6.650
<b>Eigenkapital 30.06.2018</b>	9.500	-52	-	20.777	390.396	419.280

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

<i>Tal i tusen kroner</i>	2. kvartal 2019	2. kvartal 2018
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Netto utbetaling av lån til kunder	(230.462)	(215.813)
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	76.242	65.488
Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder	148.953	80.539
Renteutbetalinger på innskot fra kunder	(18.360)	(10.824)
Netto inn-/utbetaling av lån fra kredittinstitusjoner/innskot i kredittinstitusjoner	58	50
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskot kredittinstitusjoner	898	500
Endring sertifikat og obligasjoner	48.903	16.176
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner	1.480	1.257
Netto provisjonsinnbetalinger	4.790	3.818
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	(1.183)	111
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapir		13.031
Utbetalinger til drift	(19.653)	(31.831)
Betalt skatt	(10.334)	8.273
<b>A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>1.333</b>	<b>-69.225</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		
Utbetaling ved investering i varige driftsmiddel	(420)	
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	4.888	
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir	(3.011)	(5.213)
Innbetaling fra sal av langsiktige investeringer i verdipapir	<b>606</b>	
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	1.550	981
<b>B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet</b>	<b>3.613</b>	<b>-4.232</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir	13.911	226.267
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	(13.807)	(11.711)
Innbetaling ved utferding av ansvarleg lån	(506)	40.000
Renteutbetalinger på ansvarlege lån	(2.530)	(1.947)
Kjøp og salg av egne aksjer		35
Utbytte til egenkapitalbevisiere	(14.250)	(6.650)
<b>C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet</b>	<b>-17.182</b>	<b>245.994</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>-12.236</b>	<b>172.537</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	262.177	88.677
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>	<b>249.941</b>	<b>261.214</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og kontantekvivalenter	15.022	13.791
Fordringer på kredittinstitusjoner utan oppseiingstid	234.919	247.423
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>249.940</b>	<b>261.215</b>

## NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP OG VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR

---

### *Rekneskapsprinsipp*

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01. – 30.06.2019. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS Delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Førreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsregnskapen for 2018.

### *Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar*

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsregnskapen for 2018 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

## NOTE 2 – NEDSKRIVNINGAR PÅ UTLÅN, UNYTTA KREDITTAR OG GARANTIAK

I henhold til IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unyttar kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unyttar trekkrettigheter for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månader forventar kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.

Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unyttar kredittar og garantiar.

Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unyttar kredittar og garantiar.

Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

Utlån til kundar som banken kan overføre til bustadkredittforetak er etter IFRS 9 klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat. Øvrig utlån til kundar er klassifisert til amortisert kost. Nedskrivning på unyttar kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

### Endringar i tapsavsetningar

	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totale nedskrivningar
<b>Tapsavsetningar pr. 01.01.2019 *</b>	<b>1.000</b>	<b>5.069</b>	<b>14.505</b>	<b>20.574</b>
<b>Overføringer:</b>				-
Overføringer frå steg 1 til steg 2	-171	2.220		2.049
Overføringer frå steg 2 til steg 3		-80	1.000	920
Overføringer frå steg 2 til steg 1	171	-1.377		-1.206
Overføringer mellom Steg 2 og Steg 3				-
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 2				-
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 1				-
Nye finansielle eignelutar utferda eller kjøpt	158	34	-	192
Finansielle eignelutar som er frårekna i perioden	-153	-1.079	-640	-1.872
Modifisering av kontantstraumar frå eignelutar som ikkje er frårekna				-
Konstaterte tap				-
Tilbakeføring av tidligare konstaterte tap				-
Valutaeffektar				-
Endringar i modell eller risikoparametre	-27	-662	-393	-1.082
Andre justeringar	179	419	1.500	2.098
<b>Tapsavsetningar pr. 30.06.2019 *</b>	<b>1.157</b>	<b>4.544</b>	<b>15.972</b>	<b>21.673</b>
<b>Brutto utlån per 30.06.2019</b>	<b>4.392.033</b>	<b>358.302</b>	<b>50.749</b>	<b>4.801.084</b>

\* inklusive tapsavsetning på garantiar

## NOTE 3 – MISLEGHDELDE OG TAPSUTSETTE LÅN

### Misleghelde engasjement

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2019	2018	2018
Brutto misleghelde utlån – PM	38.161	8.187	8.705
Brutto misleghelde utlån – BM	604	2.841	102
Individuelle nedskrivninger	-2.622	-1.471	-2.000
<b>Netto misleghelde utlån</b>	<b>36.143</b>	<b>9.557</b>	<b>6.807</b>

### Andre tapsutsette engasjement

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2019	2018	2018
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – PM	6.030	5.085	19.316
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – BM	18.901	25.798	28.781
Individuelle nedskrivninger	-13.350	-11.224	-12.505
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>11.581</b>	<b>19.659</b>	<b>35.592</b>

## NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

### Utlån til kundar fordelt på sektor og næring pr. 30.06.2019

Utlån til amortisert kost og til verkeleg verdi over utvida resultat	Brutto utlån	Akkumulert nedskrivning *			Netto utlån
		Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Lønstakarar og pensjonistar	3.774.067	247	1.443	4.622	3.767.755
Bygge- og anleggsverksemd	51.738	38	61		51.639
Elektrisitet-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning	51.474	87			51.387
Fagleg og finansiell tenesteyting	67.631	77	362		67.192
Forretningsmessig tenesteyting	74.139	27	1.090		73.022
Industri og bergverksdrift	29.150	50	10		29.090
Informasjon og kommunikasjon	4.600	8	11		4.581
Jordbruk og tilknytta tenester	35.292	14	18	9.100	26.160
Omsetning og drift av fast eigedom	488.291	175	1.020	2.000	485.096
Overnattings- og serveringsverksemd	33.890	38	114		33.738
Tenesteytende næringer elles	56.811	39	112		56.660
Transport og lagring	2.088	6	1		2.081
Utanrikssjøfart og rørtransport	17.875	16	3		17.856
Utvikling av byggjeprojekt	38.797	40	0		38.757
Vassforsyning, avlaups- og renovasjonsverksemd	490	1	-		489
Varehandel, reparasjon av motorvogner	74.751	96	106	250	74.299
<b>Sum utlån balanseført</b>	<b>4.801.084</b>	<b>959</b>	<b>4.351</b>	<b>15.972</b>	<b>4.779.802</b>
Utlån formidla til Eika Boligkreditt	387.724				387.724
<b>Sum utlån inkl. Eika Boligkreditt AS</b>	<b>5.188.808</b>	<b>959</b>	<b>4.351</b>	<b>15.972</b>	<b>5.167.526</b>
<b>Netto utlån til kundar fordelt på kategori per 30.06.2019</b>					
Utlån til amortisert kost	1.106.379	547	2.546	12.035	1.090.994
Utlån til verkeleg verdi over OCI	3.694.705	412	1.805	3.937	3.688.808
<b>Sum netto utlån balanseført</b>	<b>4.801.084</b>	<b>959</b>	<b>4.352</b>	<b>15.972</b>	<b>4.779.802</b>

## NOTE 5 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2019	2018	2018
Opptent egenkapital	396.586	371.612	396.586
Overkursfond	-	-	-
Utjevningsfond	-	-	-
Annan egenkapital	24.799	20.777	25.512
Innbetalt aksjekapital	9.423	9.447	9.423
Gåvefond	-	-	-
<b>Sum egenkapital</b>	<b>430.808</b>	<b>401.836</b>	<b>431.521</b>
Immaterielle eignelutar	-	-	-
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-262	-231	-308
Frådrag i rein kjernekapital	-17.482	-9.473	-14.961
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>413.064</b>	<b>392.132</b>	<b>416.252</b>
Fondsobligasjonar	50.500	54.000	54.000
Frådrag i kjernekapital	-	-	-
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>463.564</b>	<b>446.132</b>	<b>470.252</b>
Ansvarleg lånekapital	40.000	40.000	40.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-	-
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>40.000</b>	<b>40.000</b>	<b>40.000</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>503.564</b>	<b>486.132</b>	<b>510.252</b>
	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2018</b>
<b>Eksponeeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	-	-	-
Lokal regional myndigheit	11.443	12.044	11.429
Offentleg eigde føretak	-	-	-
Institusjonar	9.456	15.785	33.190
Føretak	320.008	303.558	295.173
Massemarknad	-	-	-
Pantsikkerheit eigedom	2.065.864	1.925.990	1.975.938
Forfalne engasjement	35.915	9.728	6.833
Høgrisiko engasjement	-	-	-
Obligasjonar med fortrinnsrett	6.344	5.558	6.341
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	32.376	36.280	14.833
Andelar verdipapirfond	-	-	-
Eigenkapitalposisjonar	44.175	42.226	46.265
Øvrige engasjement	151.369	159.458	144.995
CVA-tillegg	20	841	19
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>2.676.971</b>	<b>2.511.468</b>	<b>2.535.016</b>
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	175.616	155.404	175.616
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.852.587</b>	<b>2.666.872</b>	<b>2.710.632</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>17,65 %</b>	<b>18,23 %</b>	<b>18,82 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>16,25 %</b>	<b>16,73 %</b>	<b>17,35 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>14,48 %</b>	<b>14,70 %</b>	<b>15,36 %</b>
<b>Bufferkrav</b>			
Bevaringsbuffer (2,50 %)	71.315	66.672	67.766
Motsyklisk buffer (2,00 %)	57.052	53.337	54.213
Systemrisikobuffer (3,00 %)	85.578	80.006	81.319
<b>Sum bufferkrav til ren kjernekapital</b>	<b>213.944</b>	<b>200.015</b>	<b>203.297</b>
Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %)	128.366	120.009	121.978
Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav	70.754	72.107	90.976

## Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,20 % i Eika Gruppen AS og på 0,52 % i Eika Boligkreditt AS.

	2. kvartal 2019	2. kvartal 2018	Året 2018
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>424.037</b>	<b>401.446</b>	<b>425.236</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>477.701</b>	<b>458.086</b>	<b>482.902</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>521.434</b>	<b>501.642</b>	<b>526.466</b>
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>3.016.235</b>	<b>2.815.627</b>	<b>2.866.476</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>17,29 %</b>	<b>17,82 %</b>	<b>18,37 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>15,84 %</b>	<b>16,27 %</b>	<b>16,85 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>14,06 %</b>	<b>14,26 %</b>	<b>14,83 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>7,99 %</b>	<b>8,27 %</b>	<b>8,13 %</b>

## NOTE 6 – GJELD STIFTA VED UTFERDING AV VERDIPAPIR

	2. kvartal 2019	2. kvartal 2018	Året 2018
Sertifikat, nominell verdi + påløpte renter	-	100.069	-
Obligasjonar, nominell verdi + påløpte renter	1.326.925	1.251.107	1.301.276
Tilbakekjøpte obligasjonar	-11.078	-	-
Amortisert over-/underkurs	-	-471	660
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.315.847</b>	<b>1.350.705</b>	<b>1.301.936</b>
Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt	2,48 %	2,11 %	2,16 %

	2. kvartal 2019	2. kvartal 2018	Året 2018
Ordinær ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter	-	-	-
Evigvarande ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter	40.153	40.131	40.130
Fondsobligasjonar, nominell verdi + påløpte renter	76.862	75.480	75.512
Amortisert over-/underkurs	-	2.216	1.543
<b>Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån</b>	<b>117.015</b>	<b>117.827</b>	<b>117.185</b>
Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt	4,12 %	3,79 %	3,87 %

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.03.2019	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.2019
Obligasjonsgjeld	1.190.804	125.000		43	1.315.847
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.190.804</b>	<b>125.000</b>	-	<b>43</b>	<b>1.315.847</b>
Ansvarlege lån	40.129			24	40.153
Fondsobligasjonar	76.856			6	76.862
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar</b>	<b>116.985</b>	-	-	<b>30</b>	<b>117.015</b>

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.03.2018	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.2018
Obligasjonsgjeld	1.250.665	100.000		40	1.350.705
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.250.665</b>	<b>100.000</b>	-	<b>40</b>	<b>1.350.705</b>
Ansvarlege lån	40.116			15	40.131
Fondsobligasjonar	78.001			-305	77.696
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar</b>	<b>118.117</b>	-	-	<b>-290</b>	<b>117.827</b>

## NOTE 7 – FINANSIELLE INSTRUMENT TIL VERKELEG VERDI, VERDSETJINGSNIVÅ

### 2. kvartal 2019

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum
Verdipapirer frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar				-
Pengemarknadsfond				-
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				
Aksjar			60.797	60.797
Obligasjonar	200.750			200.750
Rentebytteavtalar brukt for sikring		860		860
<b>Sum</b>	<b>200.750</b>	<b>860</b>	<b>60.797</b>	<b>262.407</b>

### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01	58.342
Realisert vinst/tap	481
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	416
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	(713)
Investering	43.011
Sal	(40.741)
<b>Utgående balanse</b>	<b>60.796</b>

### 2. kvartal 2018

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar		-	49.893	49.893
Pengemarknadsfond				-
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				-
Aksjar				-
Obligasjonar	164.079	17.089		181.168
Rentebytteavtalar brukt for sikring	-	1.806	-	1.806
<b>Sum</b>	<b>164.079</b>	<b>18.895</b>	<b>49.893</b>	<b>232.867</b>

### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01	57.372
Realisert vinst/tap	2.831
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	(3.085)
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	593
Investering	5.213
Salg	(13.031)
<b>Utgående balanse</b>	<b>49.893</b>

### Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

**Nivå 1:** Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

**Nivå 2:** Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

**Nivå 3:** Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine egne estimat.

## Spesifikasjon av obligasjons-, fonds- og aksjeportefølje

<b>Obligasjonsportefølje</b>	<b>30.06.2019</b>	<b>30.06.2018</b>
<i>Utstedarkategori</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Bokført verdi</i>
Stat / statsgaranterte	50.925	25.103
Kommune / fylke	57.216	60.219
Bank og finans	29.167	40.270
Obligasjonar med fortrinsrett	63.442	55.576
<b>Sum obligasjonsportefølje</b>	<b>200.750</b>	<b>181.168</b>

<b>Aksjeportefølje</b>	<b>30.06.2019</b>		<b>30.06.2018</b>	
<i>Namn</i>	<i>Tal aksjar</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Tal aksjar</i>	<i>Bokført verdi</i>
SDC	2.713	1.364	2.971	1.456
Eika Gruppen	47.481	5.935	43.859	5.215
Eksporthfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Gjensidige Forsikring			3.253	435
Eika BoligKreditt	5.841.127	24.532	5.164.567	21.794
VIPPS (BANK ID Norge)			80	720
Destinasjon Voss	33	100	33	100
Voss Bedriftsser	5	5	5	5
Næringshagen Voss	1.500	150	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
VN Norge	-	1.171	-	-
Eiendomskreditt	8.212	1.000	-	-
Eika VBB AS	1.648	6.522	-	-
<b>Sum aksjeportefølje</b>		<b>60.797</b>		<b>49.893</b>

## NOTE 8 – VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE EIGNELUTAR OG FORPLIKTINGAR

	2. kvartal 2019		2. kvartal 2018	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<b>Finansielle eignelutar</b>				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	15.022	15.022	13.791	13.791
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	234.919	234.919	248.277	248.277
Utlån til kundar	4.779.802	4.779.802	4.405.110	4.405.110
Renteberande verdipapir	200.750	200.750	181.168	181.168
Finansielle derivat	860	860	1.806	1.806
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	60.797	60.797	49.893	49.893
<b>Sum finansielle eignelutar</b>	<b>5.292.149</b>	<b>5.292.149</b>	<b>4.900.045</b>	<b>4.900.045</b>
<b>Finansielle forpliktingar</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	59	59	50	50
Innskot frå kundar	3.401.961	3.401.961	3.008.638	3.008.638
Gjeld oppteke ved utferding av obligasjonar	1.315.847	1.199.158	1.350.705	1.357.282
Ansvarleg lånekapital	40.153	40.265	40.131	40.397
Fondsobligasjonskapital	36.410	36.028	77.695	76.751
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>4.794.430</b>	<b>4.677.471</b>	<b>4.477.219</b>	<b>4.483.117</b>

## NOTE 9 – AKSJAR

Dei 20 største aksjonærene:

### 2. kvartal 2019

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	189.999	10,00 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	90.000	4,74 %
MP PENSJON PK	87.181	4,59 %
HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE	64.069	3,37 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	46.771	2,46 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,89 %
ANDERS VAKSDAL	33.175	1,75 %
WERGELAND HOLDING AS	31.413	1,65 %
SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE	31.000	1,63 %
KRISTIAN HODNE AS	26.000	1,37 %
SKOGSBORG AS	20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	1,05 %
LIMONE AS	18.992	1,00 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	17.700	0,93 %
FJORDSYN AS	17.040	0,90 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	15.836	0,83 %
HAAKEN FOSSEN	15.581	0,82 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE AS	14.000	0,74 %
COLORADO EIENDOM AS	13.300	0,70 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>803.537</b>	<b>42,29 %</b>
Øvrige aksjonærer	1.096.463	57,71 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>1.900.000</b>	<b>100,00 %</b>

Tal aksjar: 1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 2. kvartal: kr 259,10

Børskurs ved utgangen av 2. kvartal: kr 162,00

### 2. kvartal 2018

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	189.980	10,00 %
MP PENSJON PK	90.526	4,76 %
BERGEN KOMMUNALE PENSONSKASSE	90.000	4,74 %
HAUGALAND KRAFT PENS C/O SR-FORVALTNING	64.069	3,37 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	46.771	2,46 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,89 %
SPAREBANK 1 SR-BANK c/o Gabler Wassum AS	31.000	1,63 %
KRISTIAN HODNE AS	30.985	1,63 %
WERGELAND HOLDING AS	24.500	1,29 %
SKOGSBORG AS	20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	1,05 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD&BJØRKE AS	17.700	0,93 %
LIMONE AS	17.502	0,92 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	17.029	0,90 %
FJORDSYN AS	16.600	0,87 %
ANDERS VAKSDAL	15.800	0,83 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE AS	15.000	0,79 %
HAAKEN FOSSEN	13.301	0,70 %
INGUNN RIO	12.580	0,66 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>784.823</b>	<b>41,31 %</b>
Øvrige aksjonærer	1.115.177	58,69 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>1.900.000</b>	<b>100,00 %</b>

Tal aksjar: 1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 1. kvartal: kr 220,67

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal: kr 121,00

## NYKKELTAL

	2. kvartal	2. kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2019	2018	2018
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	44,4 %	52,6 %	50,7 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	-11,7 %	-6,1 %	-7,8 %
Eigenkapitalavkastning*	9,8 %	8,8 %	9,6 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	10,0 %	8,3 %	9,8 %
Innskotsmargin hittil i år	0,3 %	0,3 %	0,3 %
Utlånsmargin hittil i år	1,9 %	2,1 %	2,0 %
Netto rentemargin hittil i år	1,7 %	1,8 %	1,8 %
<b>Innskot og Utlån</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,0 %	22,4 %	20,8 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	9,3 %	10,7 %	10,5 %
Innskotsdekning	70,9 %	68,0 %	71,2 %
<i>* EK-avkastning etter berekna skatt – Annualisert</i>			
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2019	2018	2018
<b>Soliditet</b>			
Rein kjernekapitaldekning	14,5 %	14,7 %	15,4 %
Kjernekapitaldekning	16,3 %	16,7 %	17,4 %
Kapitaldekning	17,7 %	18,2 %	18,8 %
Leverage ratio	8,5 %	8,8 %	8,9 %
<b>Likviditet</b>			
LCR	306	300	288
NSFR	125	129	125